

Eit interkommunalt samarbeidsorgan (kommunalt oppgåvefelleskap) for kommunane Giske, Fjord, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Vanylven, Ørsta og Ålesund.

Møterefertat styremøte 3. februar 2021

Styremøtet vart halde som eit digitalt møte. 11 styremedlemmar deltok digitalt og 2 styremedlemmar møtte fysisk i kontorlokala til friluftsrådet. Innkalling vart sendt ut tidleg i januar og saklista med saksdokument den 30. januar 2021.

Frammøte frå styret: Fulltalig

Kommune:	Styremedlemmar:
Ålesund	Vebjørn Krogsæter – leiar (deltok fysisk)
Fjord	Eva Hove – nestleiar (deltok digitalt)
Giske	Jan Ove Skodje (deltok digitalt)
Stranda	Jostein Dalen (deltok digitalt)
Sula	Trygve Holm (deltok fysisk)
Sykkylven	Trond Bonesmo (deltok digitalt)
Ulstein	Berit Sandvik Skeide (deltok digitalt)
Vanylven	John Willy Klungre (deltok digitalt)
Vestnes	Skafti Helgason (deltok digitalt)
Volda	Ola Einang (deltok digitalt)
Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen (deltok digitalt)
Ørsta	Karen Høydal (deltok digitalt)
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes (deltok digitalt)

Andre frammøtte:

Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar SFR (deltok fysisk)

Inger Bakke, prosjektleiar SFR (deltok digitalt i sak 4/21)

Møtet starta klokka 17.

Ettersending til styret: Presentasjon av Inger Bakke om prosjektet «Slå på ringen» gitt i møtet.

Saksliste:

Saksnummer:	Tittel:
Sak 1/21	Godkjenning innkalling, saksliste og referat styremøte
Sak 2/21	Orienteringar
Sak 3/21	Ny deltakarkommune i 2021: Herøy kommune
Sak 4/21	Vidareføring av Leikepatruljen - nytt prosjekt 2021/22 «Slå på ringen» støtta av TEFT
Sak 5/21	Arbeidsplan 2020 – evaluering av gjennomføring
Sak 6/21	Status økonomi – foreløpig rekneskap 2020
Sak 7/21	Vurdering av kapasitetsbehovet i staben framover
Sak 8/21	Samarbeidsavtalen – eventuell revidering
Sak 9/21	Reglement for utbetaling av møte- og reisegodtgjersle
Sak 10/21	Planar om gondol på Sulafjellet – uttale og vidare engasjement
Sak 11/21	Møtekalender og representantskapsmøte 2021

Sak 1/21: Godkjenning innkalling, saksliste og referat styremøte

[Lenke til referat frå styremøte 13. nov. 2020.](#)

Dagsorden: Styreleiar foreslo å flytte sak 8/21 etter sak 11/21, og sak 4/21 framfor sak 2/21.

Vedtak:

*Innkalling og saksliste vert godkjend med endringane i dagsorden slik styreleiar føreslår.
Referat frå styremøte 13. november 2020 vert godkjend.*

Sak 2/21: Orienteringar

Dagleg leiar orienterte kort om status og sendte søknader 2021 for:

- Drift Land
- Skjergardstenesta
- Marin forsøpling
- Aktivitet
- Stikk UT!

Samla oversikt over omsøkte prosjekt 2021 innan Aktivitet, Drift land og Marin forsøpling vart presentert. Det vart spesielt orientert om prosjekt- og forvaltningsplan for det statleg sikra området Hundsvær og Tyskholmen i Borgundfjorden. «Overordna plan for eit allsidig friluftsliv på Hundsvær og Tyskholmen» var vedlagt saksdokumenta.

Andre dagsaktuelle orienteringar:

- Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal er kåra til [Årets regionbygger i Møre og Romsdal 2020](#)
- [Fjordane friluftsråd er tildelt Skjergardsteneste](#), Sunnmøre friluftsråd deltok i markeringa

Vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 3/21: Ny deltakarkommune i 2021: Herøy kommune

Kort om saka:

Herøy kommunestyre har fatta budsjettvedtak i desember 2020 om å melde seg inn i Sunnmøre friluftsråd. Friluftsrådet har informert den nye kommunen om friluftsrådets arbeid og kva eit medlemskap inneber, 21. januar besøkte vi (dagleg leiar og fagansvarleg Stikk UT!) Herøy kommune v/ordførar, kommunedirektør, folkehelsekoordinator og to frå Havlandet as Hilde Gråberg Bakke og Merethe Hjertø Flusund. Vi besøkte også Herøy gard.

Herøy har i underkant av 9000 innbyggjarar. Det er ei øy- og kystkommune med rik historie. Herøy har mange turløyper som er allereie ligg i ulike kartbasar, dvs. det er lettare å innlemme dei i Stikk UT! [Lenke til kommunal side om turstiar i Herøy.](#) Herøy har fem statleg sikra område i dag, den største er området rundt Herøy Gard. Kart og nærare informasjon om områda var vedlagt saksdokumenta.

Lenke: [nyheitssak på friluftsrådet si heimeside](#)

Vedtak:

Styret ønsker Herøy kommune velkomen som ny medlemskommune og ber administrasjonen førebu sak om formelt opptak av den nye medlemskommunen til representantskapsmøtet i april.

Sak 4/21: Vidareføring av Leikepatruljen - nytt prosjekt 2021-22 «Slå på ringen» støtta av TEFT

Kort om saka:

Leikepatruljeprosjektet som var finansiert av Gjensidigestiftelsen 2019-2020 leverte sluttrapport i desember. I samsvar med styremøtesak 35/20 søkte friluftsrådet [TEFT-midlar](#) hos Sparebanken Møre for å vidareutvikle Leikepatruljen i 2021-23. Det var ein omfattande søknad som gjekk på tvers av kategoriane kultur, idrett, nærmiljø, kompetanse. Vi la også vekt på at prosjektet er allmenntilgjengelig og kjem mange til gode. Søknaden ligg ved saksdokumenta. 25. januar ga Sparebanken Møre klarsignal om at dei støttar prosjektet med 1 million i 2021. Prosjektleiaren Inger Bakke presenterte prosjektet nærare for styret, presentasjonen vert ettersendt.

Vedtak:

Styret stiller seg bak omtalen av prosjektet slik det går fram av søknaden og presentasjonen i møtet, og ber friluftsrådet starte arbeid prosjektplanlegginga og samarbeid med deltakarkommunane.

Sak 5/21: Arbeidsplan 2020 – evaluering av gjennomføring

Kort om saka:

Dagleg leiar gjekk gjennom [Arbeidsplan 2020](#) med fokus på kva tiltak som er gjennomført, delvis gjennomført, kva som ikkje er gjort og kva som eventuelt er årsak til dette. Koronasituasjonen i 2020 har prega både friluftsrådet og friluftslivet generelt. Korona har begrensa nokre prosjekt og aktivitet, men også medført endra og auka aktivitet. Arbeidsplanen vert vedteken før friluftsrådet veit kva vi får prosjektstøtte til. Det er derfor driftstiltak som ikkje er gjennomført pga. manglande støtte. Det er også nye driftstiltak som er komne til i løpet av året som ikkje står i planen, herunder prosjekt støtta av ekstra «koronamidlar» i 2020.

Vedtak:

Styret tek evaluering av arbeidsplanen for 2020 til orientering og ber friluftsrådet legge fram forslag til ny arbeidsplan til neste styremøte. Arbeidsplanen må ha eit lengre tidsperspektiv enn eitt år.

Sak 6/21: Status økonomi – foreløpig rekneskap 2020

Kort om saka:

Styret er tilsendt foreløpig resultatrekneskap og kontospesifisert årsrekneskap 2020 frå Økonomiservice. I neste styremøte behandlar styret den endeleg reviderte årsrekneskapen som skal vidare til representantskapsmøtet (årsmøtet).

Vedtak:

Styret tek status økonomi 2020 til orientering, og avventar endeleg godkjenning til revidert rekneskap føreligg i styremøte 3. mars 2020.

Sak 7/21: Vurdering av kapasitetsbehovet i staben framover

Kort om saka:

Administrasjonen har behov for å lyse ut ei stilling ilt. Året for å få til eit overlapp med fagansvarleg for Stikk UT! før Haukås går av med pensjon våren 2022, og for å starte på nødvendig arbeid med heimesider og anna kommunikasjonsarbeid som mange prosjekt treng støtte til. Dagleg leiar orienterte nærare i styremøtet før styret gjorde ei vurdering.

Vedtak:

Styret ber dagleg leiar legge fram ei sak til neste styremøte med stillingsomtale og framlegg til utlysing.

Sak 8/21: Samarbeidsavtalen – eventuell revidering

Kort om saka:

[Samarbeidsavtalen for Sunnmøre friluftsråd](#) er no godkjend i alle kommunestyra i medlemskommunane . Endringar i avtaleteksten kan berre gjerast på representantskapsmøtet og krev 2/3 fleirtal, jf. § 11. Aktuelle oppdateringar:

- § 2 må oppdaterast med ny medlemskommune jf. sak 3/21.
- § 7 må oppdaterast der det vert vist til reglement for møte- og reisegodtgjersle jf. sak 9/21.

Vedtak:

Dagleg leiar legg fram ei revidert utgåve av samarbeidsavtalen til neste styremøte der innspela frå styret er innarbeidd.

Sak 9/21: Reglement for utbetaling av møte- og reisegodtgjersle

Kort om saka:

Det er behov for å oppdatere Reglement for utbetaling av møte- og reisegodtgjersle. Gjeldande reglement ligg ved saksdokumenta. Årsmøte 2018 vedtok nye satsar, desse er følgde. Reglementet treng oppdatering der gjeldande lovverk og nye satsar ligg til grunn.

Vedtak:

Dagleg leiar legg fram ei revidert utgåve av reglement for møte- og reisegodtgjersle til neste styremøte der innspela frå styret er innarbeidd.

Sak 10/21: Planar om gondol på Sulafjellet – uttale og vidare engasjement

Kort om saka:

Flakk-gruppen, ved Knut Flakk, har informert kommunestyret i Sula om planane dei har for ei gondolbane frå Devoldfabrikken til Rundehornet. Planane har vekt både positive og negative reaksjonar. Planen skal behandlast administrativt og politisk før den eventuelt blir godkjend. Både bygging og drift av ei gondolbane vil påverke viktige friluftsområde på Sulafjellet. Turområda som er mykje brukt av innbygarane i kommunen og omlandet rundt. Her er [besøkstala i Stikk UT! for Sula kommune i 2020](#). Sunnmøre friluftsråd er invitert til stiftingsmøte for Folkeaksjonen mot gondol på Sula. Styret bør drøfte rolle og engasjement i ei aksjonsgruppe. Styret vurderer også om styret skal uttale seg i saka i lys av friluftinteressene.

Invitasjon til stiftingsmøte og notat frå styret i Vonløypa ligg ved saksdokumenta.

Styrelen reiste spørsmål om habilitet til styremedlem Trygve Holm fordi han er ein av avsenderane i notatet frå styret i Vonløypa. Trygve Holm fråtrede under behandlinga av habilitetsspørsmålet, og styret vedtok at Holm er inhabil.

Det vart deretter fremma eit utsetjingsforslag som vart stemt over.

Vedtak:

Saka vert utsett til neste styremøte.

Sak 11/21: Møtekalender og representantskapsmøte 2021

Kort om saka:

Framlegg til styremøtedatoar våren 2021 er sendt styret 11. januar 2021. Det er også lagt ved ei oversikt over møtedatoar i kommunestyra m.v. våren 2021 slik at friluftsrådet sine møter ikkje kjem i konflikt med desse.

Dato for representantskapsmøtet vert foreslått 7. april 2021. I Samarbeidsavtalen § 5 står det at møtet skal haldast innan utgangen av mars. Påskeferien startar 26. mars, det er mest praktisk å ha årsmøtet første veka etter påske. Dette er også av omsyn til koronasituasjonen.

Stad for møtet er fastsett i ein turnus for vertskap vedteke i styresak 18/18. I 2021 skal representantskapsmøtet vere i Volda. **Gjennomføring** er fastsett i samarbeidsavtalen § 5, møtet skal kallast inn etter vedtak i styret med minst 4 vekers skriftleg varsel. Styret førebur dette i neste styremøte.

Vedtak:

Datoar for styremøte våren 2021 er 3. februar, 3. mars og 14. juni.

Representantskapsmøtet 2021 er 7. april i Volda.

- *Møteinnkallinga vert sendt representantskapsmedlemmane så snart som råd.*
- *Medlemskommunar som skal velje styremedlemmar for 2021-23 vert tilskrivne så snart som råd (Ålesund, Stranda, Sula, Vestnes og Herøy).*
- *Styret og dagleg leiar førebur sakliste og -dokument som vert sendt rep.skapet 5. mars.*

Referent

Anne Berit Støyva Emblem - dagleg leiar

Lokale media får tilsendt referatet (Sunnmørsposten, Vestnesavisa, Bygdebladet, Storfjordnytt, Øy-Blikk, Nordre, Nytt i Uka, Bypatrioten, Sulaposten, Vikebladet, Vestlandsnytt, Møre, Møre-Nytt, Nyss, og NRK Møre og Romsdal)